



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato** 25.10.2018  
**Møtetid:** Kl. 15:00 - 17:55  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Olaug Karin Øystese	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Odd Arne Haga	FRP
Arild Røen	H
Inge Aasgaard	KRF
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Nils Aadland	A	Øyvind Strømmen	MDG

### Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann (i heile møtet med unntak av sak 047/2018)
- Hilde-Lill Våge, assisterande rådmann (sak 043/2018)
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Meline Heimdal Haugland, leiar kulturavdeling (sak 049 og 052/2018)

Dokument som vart delt ut i møtet:

- Statistikk over sjukefråvær for september 2018

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 31.10.2018

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
043/2018	18/1580	Faste saker	
044/2018	18/548	Endring i LVK sine vedtekter og kontingentgrunnlag	
045/2018	18/433	Revidering av eigedomsskattevedtekter for Samnanger kommune	
046/2018	18/1485	Kommunalt tilskot til private barnehagar 2019	
047/2018	18/509	Lønsfastsetjing for rådmann og assisterande rådmann 2018	
048/2018	18/619	Nytt innkjøpsreglement for Samnanger kommune	
049/2018	18/784	Revidering av retningsliner for utdeling av kulturpris	
050/2018	18/1564	Rutine for tilsyn med barnehagar i Midthordaland kompetanseregion	
051/2018	18/951	Søknad kommunalt næringsfond Bunadsdamene	
052/2018	18/783	Søknad om underskotsgaranti for dagsfestivalen Samningakraft	

## SAKNR. 043/2018: Faste saker

### 25.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:

Monica Tjønnå (Sp) viste til lista over informasjons- og referatsaker i møteinnkallinga. Ho spurde om det i møteinnkallingar kan skrivast nokre stikkord om kvart av punkta på denne lista, slik at representantane får litt informasjon om kva sakene handlar om. Olaug Øystese (A) slutta seg til dette ønsket.

Det var ingen andre merknader til møteinnkallinga eller saklista.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

#### Orienteringssaker:

##### Botnahytta

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) viste til sak om Botnahytta, som den siste tida har vore omtalt i media. Det kan no vera ein risiko for at hytta vert teken vekk. Ordføreren har hatt kontakt med fylkeskonservator om saka. Det vil verta eit møte mellom kommunen og mellom anna fylkeskonservator om denne saka 07.11.2018. Det vert òg prøvd å få grunneigar med på dette møtet.

##### Godtgjersle 2019 for politisk valde

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte. Etter den nye ordninga som kommunestyret vedtok i 2017, vil godtgjersla til politisk valde i Samnanger verta regulert 1. januar kvart år med same prosentsats som auken i godtgjersla til stortingsrepresentantane. Notat med informasjon om satsar for godtgjersle i 2019 låg ved møteinnkallinga.

##### Spørsmål om møtegodtgjersle for medlemmer i hallnemnda

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) viste til kommunen sitt reglement om godtgjersle til folkevalde, og stilte spørsmål ved om det skal vera same møtegodtgjersle i for eksempel hallnemnda som i kommunestyret, formannskapet m.fl. Administrasjonen fekk i oppgåve å leggja fram sak om eventuell endring i reglementet for godtgjersle til folkevalde.

##### IKT Nordhordland

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om status i saka. Kommunestyret vedtok i juni at Samnanger ønskjer å gå inn i IKT Nordhordland. Administrasjonen håpa då at Samnanger ville få gå inn som ny medlemskommune i IKT Nordhordland allereie hausten 2018. Det viser seg no at dette ikkje vil skje før tidlegast våren 2019. Som følgje av denne forseinkinga vil administrasjonen leggja fram sak for kommunestyret 08.11.2018 om inngåing av mellombels avtale om kjøp av IKT-driftstenester frå IKT Nordhordland.

##### NVE si kartlegging av potensiale til vindmøller

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte. Administrasjonen vart bedt om å leggja fram sak til neste kommunestyremøte om uttale frå Samnanger kommune.

##### Gransking barnevernssaker

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status. Det vil verta lagt fram sak for kommunestyret om vegen vidare.

### Prosjekt Skottabakken

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status. Kontrakt med byggeleiar/prosjektleiar vil verta signert i løpet av nokre dagar.

### Pilotprosjekt tannlege

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om status. Det vil truleg ikkje verta gjort noko meir i denne saka frå styresmaktene si side før nyttår.

### Teigavika

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om status. Kommunen vil i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd søkja om tippemidlar for å få tilrettelagt området. Det er planlagt å investera for om lag 2 millioner kroner. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte i samband om dette om ekstrasamøte i naturutvalet 04.12.2018, der sak om kommunen sin anleggsplan for idrett og friluftsliv skal opp.

### Reguleringsplan veg Hagabotnane

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status. Tre ulike trasear som har kome inn i moglegheitsstudiet, vart presentert i naturutvalet 23.10.2018. Det vil vera kommunestyret som gjer endeleg vedtak om det skal utarbeidast reguleringsplan.

### Hytte i parkområdet på Bjørkheim

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status. Det er enno ikkje gjennomført forhandlingar med eigaren av hytta i parkområdet.

### Tal medlemmer i kommunestyret i neste valperiode

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at dersom talet på medlemmer i kommunestyret skal endrast i neste valperiode, må det gjerast vedtak om dette seinast 31.12.2018. Ordførar Knut Harald Frøland (BI) viste til vedtaket som kommunestyret gjorde i desember 2017, og gjorde det klart at han ikkje kjem til å be om å få opp sak om dette i kommunestyret no.

### Stemning Rolvsvåg Industrier og Nyutlørtrævegen

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status i desse to sakene. Rettssaka om Rolvsvåg Industrier (betalingskrav) vart gjennomført 22. og 23.10.2018. Dom i saka er kjem forhåpentlegvis i løpet av ca. 14 dagar. I saka om Nyutlørtrævegen har det vore eit formøte. Denne saka vil truleg ikkje koma opp i retten før i september/oktober 2019.

### Økonomisk status

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte og viste oversikt over økonomisk status. Totalt sett ser det ut til at drifta i 2018 vil gå i balanse. Rådmannen orienterte òg om effektiviseringsprosjektet, der ein ekstern konsulent går gjennom drifta i kommunen.

### Sjukefråvær

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte og delte ut sjukefråværsoversikt for september 2018. Samla sjukefråvær denne månaden var 4,46%. Sjukefråværet er vesentleg redusert i forhold til dei siste åra. Rådmannen orienterte òg om korleis det vert arbeidd for å redusera sjukefråværet.

### Møte i politirådet

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om møte i politirådet, der det mellom anna vart informert om utvikling i ulike typar kriminalitet i Samnanger. Ordførar Knut Harald Frøland (BI) orienterte om at lensmann Terje Sperrevik og politikontakt Anders Opsal er invitert til kommunestyret 13.12.2018, for å orientera om politiet sitt arbeid.

## Utvalet sitt kvarter:

### Tolga-saka

Monica Tjønna (Sp) viste til "Tolga-saka" og orienterte om at ho ønskjer stadfesting på at Samnanger kommune har "alt i orden" når det gjeld kven som er registrert med PU-diagnose. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status. Det er i dag 14 personar i Samnanger som er registrert med PU-diagnose. Rådmannen har kontrollert at alle desse har diagnose og mottek hjelp frå kommunen. Dette er òg stadfesta av revisor. Det som kommunen ikkje har vore flinke nok på, er å leggja alle registrerte personar inn i IPLOS-registeret. Det har derfor vore eit avvik mellom kommunen si rapportering i Altinn og registreringane i kommunen sitt elektroniske system. Odd Arne Haga (Frp) spurde om alle dei 14 personane er umyndiggjorte. Rådmannen orienterte om at ikkje alle er umyndiggjorte, og at omfanget av hjelp/bruk av verge er avhengig av kva hjelp den enkelte treng.

### Tilkopling av private på offentleg vass- og avløpsnett

Arild Røen (H) spurde om status i saka om tilkopling til kommunalt vatn og kloakk. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at det vert arbeidd med å få tilkopla nye abonnentar. Ho orienterte òg om at det no skal gjennomførast ei kartlegging/digital registrering av vass- og avløpsnettet. Dette vil danna grunnlag for planlegging av utskifting/investeringar i vass- og avløpsnettet.

### Status for prosessar knytt til samferdsel/infrastruktur

Arild Røen (H) viste til at det foregår prosessar knytt til samferdsel/infrastruktur (mellom anna E16, jernbane Tokagjelet m.m.). Han spurde om Samnanger er involvert, skal engasjera seg eller inngå alliansar i samband med desse prosessane. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om kommunen har god kontakt med Kvam herad, spesielt om E16-saka, og at det vert vurdert å skriva eit innlegg i Bergens Tidende. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at naturutvalet hadde planprogrammet for Tokagjelet oppe som sak 23.10.2018.

### Episode på legekantoret

Odd Arne Haga (Frp) viste til sak der ein skadd person møtte på helsetunet, men ikkje fekk hjelp av ein lege som var til stades der. Haga spurde om ikkje legane ved helsetunet har plikt til å gje hjelp i slike situasjonar. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at ho ikkje kjenner til denne saka, men at personen bør senda ein klage til kommunen.

### Status for midlar til prosjekt Fossen bratte

Inge Aasgaard (Krf) spurde om status for bruk av midlane kommunen har fått til moglegheitsprosjekt for Fossen bratte. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om status for prosjektet.

### Offentleg vatn og avløp i Eikedalen

Inge Aasgaard (Krf) spurde om status for arbeidet med utbygging av offentleg vatn og avløp i Eikedalen. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status. Det må i utarbeidinga av kommunen sitt planprogram drøftast korleis/når arbeidet med reguleringsplan og utbygging i Eikedalen skal prioriterast.

### Hagabotnane

Lena Tveit (Bl) spurde om det er planlagt at idrettsanlegget i Hagabotnane skal vera ope komande vinter. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at ho må undersøkja dette med eining for teknisk drift.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 043/2018 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**SAKNR. 044/2018: Endring i LVK sine vedtekter og kontingentgrunnlag****25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**FORM- 044/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune har ingen innvendingar til dei endringane i vedtektene som er foreslått.

Kommunen har forståing for at satsane i kontingentgrunnlaget vert endra. Det har dei siste åra vore press på eigedomsskattlegging i kommunane og arbeidet som LVK gjer inn i mot Storting og regjering er svært viktig.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune har ingen innvendingar til dei endringane i vedtektene som er foreslått.

Kommunen har forståing for at satsane i kontingentgrunnlaget vert endra. Det har dei siste åra vore press på eigedomsskattlegging i kommunane og arbeidet som LVK gjer inn i mot Storting og regjering er svært viktig.

**SAKNR. 045/2018: Revidering av eigedomsskattevedtekter for Samnanger kommune****25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) foreslo at i framtidige tilsvarande saker bør endringar i forhold til noverande vedtekter uthevast i teksten.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**FORM- 045/2018 Vedtak:**

Eigeodmsskattevedtekter vert vedtatt slik dei ligg føre og vil gjelde frå 01.01.2019.

Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattevedtektene som vart vedtekne 26.11.2015.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eigeodmsskattevedtekter vert vedtatt slik dei ligg føre og vil gjelde frå 01.01.2019.  
Dei nye vedtektene erstattar eigeodmsskattevedtektene som vart vedtekte 26.11.2015.

## SAKNR. 046/2018: Kommunalt tilskot til private barnehagar 2019

### 25.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORM- 046/2018 Vedtak:

Vedtaket er gjort med heimel i " Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ". Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2017 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2017.

Tilskotssatsane vert som følgjer:

Tilskotssats pr heiltidsplass	Kommunal sats	Tilskot til ped. bemanning (Statleg sats) §5a	Kapitaltilskot (Statleg sats) §6
Born under 0 til 2 år	194 590	2 214	9 200
Born frå 3 – 6 år	92 137	1 230	9 200

Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2018 og framlegg i statsbudsjettet til deflator for 2019.

Dei endelege satsane kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar når statsbudsjettet er vedtatt.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket er gjort med heimel i " Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ". Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2017 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2017.

Tilskotssatsane vert som følgjer:

Tilskotssats pr heiltidsplass	Kommunal sats	Tilskot til ped. bemanning (Statleg sats) §5a	Kapitaltilskot (Statleg sats) §6
Born under 0 til 2 år	194 590	2 214	9 200
Born frå 3 – 6 år	92 137	1 230	9 200

Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2018 og framlegg i statsbudsjettet til deflator for 2019.

Dei endelege satsane kan bli justert på bakgrunn av eventuelle endringar når statsbudsjettet er vedtatt.



## SAKNR. 047/2018: Lønfastsetjing for rådmann og assisterande rådmann 2018

### 25.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at møtet vart lukka under denne saka, med heimel i kommunelova § 31, punkt 3. Formannskapet slutta seg samrøystes til dette, og møtet vart som følgje av dette lukka under handsaminga av saka.

Etter drøfting i møtet røysta formannskapet over følgjande framlegg:

#### **Lønsauke for rådmann**

*Rådmann Charlotte Hageberg si årsløn vert auka til 990.000 kroner.*

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Lønsauke for assisterande rådmann**

*Framlegg nr. 1: Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge si årsløn vert auka til 820.000 kroner.*

*Framlegg nr. 2: Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge si årsløn vert auka til 810.000 kroner.*

Framlegg nr. 1 fekk 6 røyster og vart vedteke. Framlegg nr. 2 fekk 3 røyster.

For framlegg nr. 1	For framlegg nr. 2
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnna (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Odd Arne Haga (Frp)
Arild Røen (H)	
Olaug Øystese (A)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	

Lønsendingane gjeld med verknad frå 01.05.2018.

### **FORM- 047/2018 Vedtak:**

Rådmann Charlotte Hageberg si årsløn vert auka til 990.000 kroner. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge si årsløn vert auka til 820.000 kroner.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## SAKNR. 048/2018: Nytt innkjøpsreglement for Samnanger kommune

### 25.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnna (Sp) og Øyvind Strømmen (Mdg) bad om at det til handsaminga i kommunestyret vert lagt fram meir informasjon om kva reglar innkjøpsloverket har om krav til arbeidsvilkår m.m. (jf.

punkt 5.3 i Samnanger sitt økonomireglement). Øyvind Strømmen bad òg om at administrasjonen legg fram informasjon om kva reglar andre kommunar og fylkeskommunen har om dette i sine innkjøpsreglement. Formannskapet slutta seg til desse ònska, og gav administrasjonen i oppgåve å leggja fram slik informasjon til kommunestyret si handsaming av saka. Øyvind Strømmen orienterte om at han vil skriva ein protokollmerknad om dette.

Med denne presiseringa vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

#### **FORM- 048/2018 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til nytt innkjøpsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld med verknad frå 09.11.2018.

Punkt 5.1 i økonomireglementet vert med verknad frå 09.11.2018 endra til:

*«Rådmannen skal leggja fram framlegg til investeringar ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjettet. Budsjettvedtaket i kommunestyret er klarsignal for - og pålegg om - at investeringsprosjekt skal detaljplanleggjast og gjennomførast.*

*Sjølv om eit investeringsprosjekt er vedteke i årsbudsjettet, kan det ikkje setjast i gang før det er gjort vedtak om dette av kompetent mynde. Følgjande reglar gjeld i slike tilfelle:*

- Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på opptil 10 millionar kroner, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*
- Vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på over 10 millionar kroner må gjerast av kommunestyret, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*

*Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån som kommunestyret har gjort vedtak om i finansieringsplanen for eit investeringsprosjekt. Investeringsprosjekt kan ikkje setjast i gang før endeleg finansiering er i orden.*

*Fullmakt til å velja leverandør/leverandørar i investeringsprosjekt er delegert til rådmannen, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*

*Avvik mellom kostnadsoverslag og prosjektrekneskap skal snarast mogleg rapporterast til formannskapet og kommunestyret.»*

Punkt 5.3 i økonomireglementet vert sett ut av kraft med verknad frå 09.11.2018.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til nytt innkjøpsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld med verknad frå 09.11.2018.

Punkt 5.1 i økonomireglementet vert med verknad frå 09.11.2018 endra til:

*«Rådmannen skal leggja fram framlegg til investeringar ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjettet. Budsjettvedtaket i kommunestyret er klarsignal for - og pålegg om - at investeringsprosjekt skal detaljplanleggjast og gjennomførast.*

*Sjølv om eit investeringsprosjekt er vedteke i årsbudsjettet, kan det ikkje setjast i gang før det er gjort vedtak om dette av kompetent mynde. Følgjande reglar gjeld i slike tilfelle:*

- Rådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på opptil 10 millionar kroner, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*
- Vedtak om å setja i gang investeringsprosjekt med kostnadsramme på over 10 millionar*

*kroner må gjerast av kommunestyret, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*

*Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån som kommunestyret har gjort vedtak om i finansieringsplanen for eit investeringsprosjekt. Investeringsprosjekt kan ikkje setjast i gang før endeleg finansiering er i orden.*

*Fullmakt til å velja leverandør/leverandørar i investeringsprosjekt er delegert til rådmannen, dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna.*

*Avvik mellom kostnadsoverslag og prosjektrekneskap skal snarast mogleg rapporterast til formannskapet og kommunestyret.»*

Punkt 5.3 i økonomireglementet vert sett ut av kraft med verknad frå 09.11.2018.

## **SAKNR. 049/2018: Revidering av retningslinjer for utdeling av kulturpris**

### **25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 049/2018 Vedtak:**

Framlegg til reviderte retningslinjer for Samnanger kommune sin kulturpris vert vedtatt. Vedtektene vert gjeldande frå og med 25.10.18.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til reviderte retningslinjer for Samnanger kommune sin kulturpris vert vedtatt. Vedtektene vert gjeldande frå og med 25.10.18.

## **SAKNR. 050/2018: Rutine for tilsyn med barnehagar i Midthordaland kompetanseregion**

### **25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 050/2018 Vedtak:**

Samnanger kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Fusa, Tysnes, Vaksdal og Samnanger som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einskilde kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einskilde kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommunestyre er orientert om samarbeid mellom Austevoll, Os, Fusa, Tysnes, Vaksdal og Samnanger som gjeld rutinar for tilsyn med barnehagar i regionen. Den einskilde kommune har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Representantar frå kommunane deltek på tvers av kommunegrensene ved gjennomføring av tilsyn med barnehagar. Dette sikrar kompetanse og personellressursar ved tilsyn. Det er den einskilde kommune som aleine treff vedtak i tilsynssakene.

**SAKNR. 051/2018: Søknad kommunalt næringsfond Bunadsdamene****25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at tilskotet vil verta finansiert av næringsfondet. Med denne presiseringa vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

**FORM- 051/2018 Vedtak:**

Bunadsdamene får inntil 60.000 kroner til tilskot til pressbord for å produsere og selje bunader. Tilskotet vert utbetalt når utgifter til pressbord kan dokumentarast. Tilskotet vert oppheva dersom det ikkje er utbetalt 2 år frå den dato vedtaket er gjort. Tilskotet vert finansiert av næringsfondet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Bunadsdamene får inntil 60.000 kroner til tilskot til pressbord for å produsere og selje bunader. Tilskotet vert utbetalt når utgifter til pressbord kan dokumentarast. Tilskotet vert oppheva dersom det ikkje er utbetalt 2 år frå den dato vedtaket er gjort.

**SAKNR. 052/2018: Søknad om underskotsgaranti for dagsfestivalen Samningakraft****25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Leiar kultur, Meline Heimdal Haugland, orienterte om at punktet i vedtaksframlegget om at konserten vert avslutta kl. 00.30 kan takast vekk. Politiet vil ha høve til å gje løyve til at konserten eventuelt kan avsluttast seinare enn kl. 00.30.

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

*"Punktet om at konserten vert avslutta kl. 00.30, vert fjerna."*

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at midlane til underskotsgarantien vert foreslått løyvd frå disposisjonsfondet.

Det vart under formannskapet si handsaming avklart at saka skal vidare til handsaming i kommunestyret 08.11.2018.

Det vart til slutt gjennomført røysting over rådmannen sitt framlegg, med følgjande justeringar/tillegg:

- Punktet om at konserten vert avslutta kl. 00.30, vert fjerna.
- Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Det justerte framlegget vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnna (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Odd Arne Haga (Frp)
Arild Røen (H)	
Olaug Øystese (A)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	

#### **FORM- 052/2018 Vedtak:**

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.
- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggjast ved oppdatert plan for gjennomføring som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019. Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.
- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggjast ved oppdatert plan for gjennomføring som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Konserten vert avslutta kl 00.30.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019.